

*Godt folk,* Dei rundt 60 sidene som følgjer under her er frå tida før SRK i 2010 skifte over til ny og web-basert plattform for heimesidene. Sjå på sidene som eit stykke av saga om SRK.

Dei forskjellige linkane; t.d. større bilete, vil ikkje fungere.  
Helsing Olav Pileberg og Nils Arve Kjemphol, februar 2016.

## Sykkylven Rotary Klubb

### Nyhende

(Dei små bileta vert større når du klikkar på dei.)

## SRK frå Gammal webside til Ny webside



Frå 2003-2010 har underteikna Olav P. halde ved like websida til SRK.

No skriv vi 20. desember 2010, og vi legg om til eit system som gjer at fleire kan redigere/ halde sida ved like, ved å logge seg på via internett.

Ei tid framover vil den gamle sida vere tilgjengeleg via ein link på den nye sida.

Internett er - på godt og vondt - viktigaste informasjons-mediet i vår tid.

Slik sett høver biletet over godt: *A la libertad de expresion*; Ytringsfridomen. Skulptur av Salvadore Dali.

Seinast ved fredspris-utdelinga nyleg fekk vi demonstrert kva demokrati og ytringsfridom er verd.

Med Rotary-engasjement og *Service Above Self* "worldwide" meiner vi absolutt at Rotary prioriterer rett

når det vert satsa så tungt på informasjon og kommunikasjon via www: World Wide Web.

Ein ønskjer Sykkylven Rotary Klubb til lykke med dei nye websidene sine.

## Julegrana ved BUAS



Arvid (til v.) og Geir frå SRK sytte i går 18. desember for at den noko avkorta grana ved Sykkylven Bu- og AktivitetsSenter (BUAS) fekk julelys, tradisjonen tru. Same karane - med stor kompetanse og godt humør - gjorde jobben også i fjor, til stor glede for bebuarar, besøkande og tilsette.

## Nytt frå Filippinane

Desember 2010: Nye bilete og helsing frå Bogo, Cebu, Filippinane. Lola Day Care Center fekk "Lola" (bestemor)

May Britt på besøk i november, og som vi ser av bileta fungerer prosjektet upåklageleg. Vimplane frå Sykkylven og Vestby RK har sin plass i LDCC, og minner om banda mellom Noreg med sine 10 C-grader minus, og Bogo med sine 30 pluss.



MONGO BEANS: Innkjøp i butikken (til høgre), tillaging under (til venstre) og eting med god appetitt til høgre. Lyst på oppskrifta? Ho kan skaffast, tenkjer vi! Ein del av råvarene kjem også frå hagen rundt LDCC.

May Britt og dagleg leiar ERA skriv bl.a.:

*... they are very eager to learn more everyday..they already knew how to read, write, spell words, do action songs and playing outside and inside the center..one photo is the morning session the 3 year od kids..and the other is the afternoon session the 4's and 5's year old kids..they are ready for grade 1..tomorrow we will have the monthly meeting with the parents and at the same time we have a' FAMILY DAY'...*

A big HELLO from Sykkylven! Merry Christmas! Happy New Year!

## **Filippinane; Lola takkebrev**

September 2010: "Lola" tyder "bestemor" på Filippinane. Lola er kjælenamnet som May Britt Tynes har blant alle vennane sine der. Lola Day Care Center vart offisielt opna 7.juni i år, og 30 barn i førskulealder får undervisning og eit varmt måltid kvar dag.

Les brevet med takk til alle støttespelarane.

Les også brevet med takk i hjartet for at nokon er viljuge til å bruke så mykje energi og tid til å hjelpe!

## **Felles møte med guvernør-besøk**

Måndag 23.august 2010 var treffstaden Storfjord Kulturhus Stranda, i fellesmøte mellom Stranda Rotary Klubb og Sykkylven Rotary Klubb (SRK). Guvernør Torbjørn Akersveen i Distrikt 2280 var til stades saman med assisterande guvernør Per-Arne Gjerdsbakk, og i forkant av medlemsmøtet kl 18 hadde dei sær møte med styra i dei to rotaryklubbane.

Underteikna skrivar likte ekstra godt at som song til samling var valt *Fra mitt trange, mitt stengende bur vil jeg ut i Guds frie natur!* Kva med ein renessanse for denne drivande gode Kjenn-ditt-land songen? Du finn han m.a. i Søraas si songbok frå 1962!

SRK hadde gleda av å kunne ønskje Trygve Ebbesvik velkomen som nytt medlem i klubben.

Guvernøren oppdaterte oss på nytt frå Rotary, både nasjonalt og internasjonalt, der 1,2 millionar medlemmar er aktive for Rorary International sine målsetjingar.

Bileta under viser glimt frå inter-city møtet i Storfjord Kulturhus.



Governør Torbjørn Akersveen



Governøren fester Rotary merket på nytt medlem Trygve, medan fadder Geir ser på med glede.

I midten: Vegar Emdal frå Stranda (-dalen) har vore eit år i Equador på Youth Exchange og har opplevd mykje! Han vil fortelje litt om det til ungdom. -også i Sykkylven.

President i SRK, Olav Pileberg gjev klubben sitt 50-års skrift som minne til guvernør Torbjørn Akersveen.



President Kjell Koppang (heilt til venstre) i Stranda Rotary Klubb leia medlemsmøtet med stø stemme.

I midten: Utsnitt av dei frammøtte. Til høgre: Trygve Ebbesvik vert gratulert av guvernør Akersveen.

Foto: Nederst; Per-Arne Gjerdsbakk. Midten: Knut Jarle Vik, Øverst: Olav Pileberg

## Filippinane prosjekt:

**Nytt informasjonsbrev 2010\_06 frå May Britt finn du [her](#) eller følgje linken på sida for Prosjekt.**

(Du treng Acrobat Reader)

## Presidentskifte

Onsdag 30. juni 2010 var det presidentskifte i SRK. Utgåande president Odd Holen kunne overlevere nål, kjede og klubbe til innkommande Olav Pileberg. Odd oppsummerte i si tale året som var gått sidan i fjor sommar, og peika på dei ulike områda som klubben hadde arbeidd med. Olav framførte mellom anna stor takk til presidenten for vel utført arbeid med å leie klubben, men han framheva også den store kompetansen og alle erfaringane som klubben sine medlemmer sit inne med, og som i sum gjer SRK til ein veldriven klubb. Olav kunne også presentere det nye styret og han uttrykte tillit til eit godt samarbeid om målsettingar og utfordringar i året som ligg framføre.

Etter som vår trivelege og dyktige matmor Solfrid ikkje kunne vere til stades, hadde Bjørg "fiksa" to velsmakande og rikt dekorerte kaker, som saman med innsats frå Olaf og serveringskomiteén gjorde presidentskifte-møtet reint til ei hyggjestund rundt borda.

## Kyrkjeparken dugnad

Ny vår og ny Rotary-innsats i kyrkjeparken. SRK registrerer at over fleire år er det berre godt ver, godt frammøte og god stemning på desse dugnadene. Onsdag 12.mai 2010 vart ikkje noko unntak i så måte. Som bileta syner, var det ein oppegåande og arbeidsfør gjeng med rotarianarar som tok unna rusk og rask som hopar seg opp gjennom året. "Nytt av året" var felling av eit stort tre frå familien Salix, Pil på norsk. Dette fiksa Geir på beste vis, og opna opp for betre innsyn til flaggstonga og det norske flagget på nasjonaldagen den 17.

Som alltid stilte Kai-Otto med traktor for å køyre vekk det vi sanko saman, og Solfrid sytte for både fast og flytande føde til oss alle.



Det 20 år gamle treet står for fall. Meir lys og luft til flaggstonga! Arbeidsøkta mot slutten; ved 1000-års steinen.

## Årsfest 2010



Eit av høgdepunkta ved årsmøtet i Straumgjerde fredag 5.februar var opptak av to nye medlemmer.

John Henrik Welle (i midten) og Petter Velle (nr 3 frå høgre), fekk begge sitt Rotary merke og vart ønskte velkomne i klubben av President Odd Holen (til venstre). Fru Hege (til v.) og fru Oddny (til h.) har begge fått blomster; - kanskje som ei påskjøning og takk for at dei vil "låne ut" ektemakane sine til Rotary-møte kvar onsdag!

Fadrane Hallgeir Lade (nærast Presidenten) og Ove Straumsheim (ved skiltet) sto for presentasjon av dei to nye klubbmedlemmene.

På den trivelege festen vart også May Britt Tynes og Peder Myrstad utnemnde til Paul Harris Fellow.

Du kan sjå mange fleire bilete og festomtale ved å følgje denne koplinga.

## Julefred - også i Sykkylven RK



Julemøtet er ikkje tida for dei store krumspring utanom vanleg tradisjon. Sokneprest Erlend Lunde (biletet i midten) kommuniserte humorfylte ord med ein alvorleg undertone, knytt opp mot nøytralitet; mat-nøytral, allergi-nøytral, sosial-nøytral, julebodskap-nøytral. Faktum

eller fiction? Konklusjon: Rotary kan aldri bli "nøytral" i eitt og alt, så lenge det finst medlemmer i klubben. Ord til ettertanke og med plenty understatements og dobbel botn. Minst.

Her kan du lese Erlend Lunde sitt julekåseri.

Møtet elles denne 16. desember 2009 baud slett ikkje på nøytral julemat, men tradisjonelt kaldtbord ute på gangen, og rettane fall i god smak. Olav ordna ut med tradisjonelle julesongar, og let også medlemmene få ta til seg dei første minutta av Juleoratoriet, komponert av Johann Sebastian Bach ca 1734. Til slutt kunne president Odd Holen og medlemmene ønskje - til seg sjølve og andre, ei

*God og fredfull jul*

Neste klubbmøte blir 6.januar 2010

## Prosjekt Filippinene

**Frå ei einsleg vasspumpe i 2002 har dette prosjektet berre vakse år for år, og neste visjon - "Lola Daycare Center" i Bogo på øya Cebu, er no i gang.**



På Sykkylven RK sitt møte 9. desember møtte "grunder" May Britt Tynes, rett frå prosjektet på Filippinane, for å oppdatere klubb-medlemmene om arbeidet. Nesten 3000 menneske får no reint vatn frå pumpene i området. Eit fond på 10.000 kr er oppretta til teknisk vedlikehald.

May Britt vert lett attkjend på strøket, og borna kallar henne berre *Lola*, bestemor. Det er difor bestemt at prosjektet sitt første og sjølvstyrte dagsenter skal heite *Lola Daycare Center*. Tomta er betalt og teikningar godkjende. Arbeidet starta i oktober. Ei raus pengegåve frå Ekornes ASA no til jul verka som ein katalysator på arbeidet. Dei tilsette bad om at den årvisse julegåva til seg sjølv heller vart kanalisert til humanitære prosjekt, som dette på Filippinane. Dagsenteret skal etter planen opnast i juni 2010.

Du kan lese meir om prosjektet ved å følgje knappen **Prosjekt** på framsida, eller ved å klikke her.

## Stranda RK 50 År

**Stranda Rotaryklubb feira sine første 50 år den 31. oktober 2009 på Stranda Hotell**





*Til venstre: President Odd Holen i Sykkylven RK gjev blomar og gåve til Stranda RK ved president Øyvin Grimnes.*

*Midten: Ny-utnemnd Paul Harris Fellow (PHF), Charterpresident Ottar Gjerde, på talarstolen.*

*Til høgre: Karl og fru Gjertrud Mjelva, Geiranger. Mellom dei guvernør i Distr 2280, Asbjørn Norberg. Ole Gjerde og fru Lina Gjerde, Øyvin Grimnes.*

Sykkylven Rotary Klubb, granne- og fadder-klubb til jubilanten Stranda RK, tok også del i feiringa. Den særst trivelege festen fann stad på Stranda Hotell, og eit 70-tals gjester med Guvernør for distrikt 2280, Asbjørn Norberg, i spissen. Kvelden gjekk unna med taler, særst velsmakande mat og hyggeleg drøys innimellom, som det gjerne blir ved slike høve.

Charterpresident Ottar Gjerde og chartermedlem Ole Gjerde vart utnemnde til Paul Harris Fellow (PHF). Det same vart Karl Mjelva, Geiranger, som ved sitt store engasjement for turistnæringa i vårt distrikt og sin innsats som "fødsels-hjelp" og medarbeidar i Storfjordens Venner i høg grad hadde vore med og arbeidd denne organisasjonen fram dit han er i dag.

Sameleis fekk også Atle Ringseth den ærerike tittelen PHF for sin innsats som pådrivar, krumtapp, propell og nav gjennom "alle år" i Storfjordens venner. Inntrykket frå jubileumskvelden bar bod om ein vital jubilant med god aktivitet og med stø kurs

*mot nye mål i Rotary si ånd.*

## **Bedriftsbesøk ved Ekornes Tynes**

**(Tidlegare Johan P. Tynes AS)**



Fabrikkssjef/ produksjonssjef Per Jarle Tynes orienterte om bedrifta som bestefar hans grunnla i 1931.



Onsdag 11. november 2009 fekk Sykkylven RK bedriftsbesøk hos Ekornes Tynes. Tidlegare Johan P. Tynes AS (Overteke av J.E. Ekornes AS i oktober 2003) Klubbmedlemmene vart mottekne på beste vis av fabrikkssjef Per Jarle (på Møre har vi lang

tradisjon for å vere på førenamn også med sjefane!) Han orienterte om bedrifta medan klubben tok føre seg av nylaga vafler og kaffi. Stor takk til kantinedama! Etter at medlemmene hadde ete, lytta og spurt frå seg, tok Per Jarle oss med på ei interessant synfaring rundt i bedrifta, som er spesialist på laminerte leveransar til først og fremst **J.E.EKORNES AS.**

Klikk her, så kan du lese litt meir om bedrifta i referatet.

På bileta ser vi 1) Bjørg og Olaf som forsyner seg med vafler, 2) Finerplater/ ark av bøk som blir plasserte sju timar i ein stor tank for å få den rette "konsistensen" før dei 3) er klar for lim og 4) laminering med 5) rett profil under høgt trykk. Atten ark blir limte saman til det som skal bli element i ein *Stressless*. 6) Jarle, Knut og president Odd framfor pallar med profiler som skal over Sykkylvsfjorden for vidare bearbeiding og produksjon. Ekornes Tynes representerer landet sin beste kompetanse innan sitt produksjonsfelt: Høgtrykk laminering.

## Dugnad ved Speiderbo



*Hallgeir og Jarle tykte vel om kannelsnurrane til Solfrid. Under, frå venstre: Hallgeir Lade i basketak med greina som skal på lasset. Ove Straumsheim og Jarle Svindseth (halvt skjult) beundrar handlaget, medan Nils Kjemphol snur ryggen til; mest truleg har han fått auge på ei ny grein. I midten: Kai-Otto*

ved traktoren. Til høgre: Solfrid med velfylte kaffikanner, flankert av ein oransje Kjell og dugnadsleiar Arvid Nordstrand.



Vel eit dusin rotaryanarar trassa det noko ublide veret onsdag 7. oktober og samla seg til innsats for Speiderbo. Hytta og speidarsaka har vore klubben sin □augnestein□ sidan lenge før hytta vart reist i 1974. (Meir om Speiderbo i klubben sitt 50-års skrift, som du finn under Historikk) Med årvisse dugnader og annan innsats har Sykkylven Rotary Klubb ytt viktige bidrag for speidarrørsla i Sykkylven. No er det planlagt å byggje nybygg til lager og garasje ved hytta, og dugnaden besto i å samle saman og køyre vekk greiner og rusk frå dei nedsaga grantrea på det som skal bli byggeplass til våren. To beintrakka og velfylte tilhengarlass blei det tid til å køyre vekk før mørkret vart for tett, og Kai-Otto Roald fekk til fulle vist at han også er ein sær dugande traktor-operatør som heller ikkje går av vegen for å jamne og trakke i lasset. Klubben sin kulinariske velgjerar, Solfrid, stilte med sær velsmakande kanel-snurrar (?) og kaffi; ein retteleg ønskjemeny for arbeidarane som kunne samlast i □gammen□ med levande lys og drøsing langs benkane. God stemning og god innsats lyt vere fasit for dugnadskvelden ved Speiderbo.

**Opne møte i Sykkylven Rotary Klubb:**

## **Suksess-oppskrift for Sykkylven**

Her er fantastisk mykje positivt å gripe tak i for å markere Sykkylven som ein attraktiv kommune i ein attraktiv region. Det gjeld å finne og behalde fokus. Dette sa Arne Hanssen (biletet i midten) under det opne møtet i SRK onsdag 23.september 2009.



Geir Brekke på talarstolen til venstre hadde 3-minutt og snakka om vanskar med å realisere nye idear.

Arne Hanssen heldt hovudforedraget med tittelen *Kva slag omdømme ønskjer vi at Sykkylven skal ha? Skule, kultur, næringsliv, fritid* Biletet til høgre syner den lydhøyre og interesserte forsamlinga.

Fotograf: Knut Jarle Vik

Om du klikkar på linken [Ope Møte](#), kan du lese meir om kva Arne Hanssen snakka om på møtet som var ope for alle.

## Guvernørbesøk 2009

Den nybygde Fjellseterstova på Fjellsetra i Sykkylven danna ramma for intercitymøtet den 19. august mellom Stranda og Sykkylven RK, og med besøk av guvernør Asbjørn Norberg, Skogn RK.



*Frå venstre: Odd Holen, Sykkylven RK, Asbjørn Norberg, Guvernør distrikt 2280, Øyvind Grimnes, Stranda RK*

*Under, i fremste rekkje frå venstre: Lucia Nascimento Cavalheiro, Marie Pierre og Vegar Emdal.*

*Bak: Odd Holen, Asbjørn Norberg og Øyvind Grimnes.*

*Biletet i midten viser Halstein Kurseth, gitar, Arnfinn Grebstad, klarinett, Terje Frøystad, bass, som til saman utgjer 3/6 av Blue Horn Jazzband. Til høgre ser vi Asbjørn Norberg på talarstolen.*



Tre trivelege timar gjekk med før intercity-møtet mellom Stranda og Sykkylven RK kunne avsluttast. Det høyrst lenge ut, men tida gjekk berre fort, fort, fort med tale, song, musikk, mat og presentasjon.

Guvernør Norberg presenterte Rotary, organisasjon, resultat og målsettingar på ein framifrå måte, både globalt og lokalt. I Noreg er det sju distrikt, der dei 330 klubbane har knapt 13000 medlemmer. På verdsbasis er det meir enn 1,2 millionar medlemmer fordelt på 33.334 klubbar!

Summen av arbeidet kan visast i desse punkta, klipt frå guvernøren sitt interessante foredrag:

- Ungdomsutdanning og ungdomsutveksling
- Fredsarbeid
- Rent vann og sanitære forhold
- Helsearbeid for mor og barn
- Grunnleggende skolegang og kampen mot analfabetisme
- Langsiktig lindring av nød og hunger
- Økonomisk utvikling og samfunnsutvikling

Utrydde sykdommen polio

Programmet inneheldt elles presentasjon av 17 år gamle *Lucia Nascimento Cavalheiro* frå Brasil, som i 2009-2010 er utvekslings-student i Stranda RK. Klubben sender til gjengjeld frå seg 16 år gamle Vegar Emdal. Han skal bu i Quito, Ecuador. Marta R. Roald introduserte så Marie Pierre frå Canada, som var utvekslingsstudent i Sykkylven for få år sidan. Ho hadde slett ikkje gløymt sin opparbeidde dugleik i norsk, og ho gav oss ei oppdatering på utviklinga sidan den gong! Halvparten av medlemmene i *Blue Horn Jazzband* sørga for å få det til å krible i kroppane både her og der; dei rutinerte muskarane frå Sykkylven veit tydelegvis å velje sine framføringar i takt og pakt med sitt publikum! Alt i alt ein triveleg kveld trygt planta i sunnmørsk natur, og med *Dei gamle fjell i syningom* som solid og verdig ramme rundt!

## Presidentskifte i klubben



*Innkommende president Odd Holen (til venstre), har fått Rotary-kjede, nål og klubbe av utgående president Olaf Ellingsen. Han har på si side fått blomar og hausta takk og gode ord for innsatsen i Rotary-året 2008-2009.*

Klubbmøtet onsdag 1. Juli 2009 var sett av til bl a skifte av president i klubben. Utgående Olaf Ellingsen (Past President), overrekte kjede, president-nål og klubbe til innkommende president Odd Holen. Ellingsen peika i si tale på mange av dei gode sakene som Sykkylven Rotary Klubb har hatt på kartet i Rotary-året som har gått: Gjennomføring av prosjekt med overføring av lyd og bilete frå Sykkylven kyrkje til BUAS, Sykkylven Bu- og Aktivitetssenter.

Dette er eit omfattande prosjekt som enno ikkje er 100 prosent i mål, men nokså nær fullføring. Vidare er klubben engasjert i eit prosjekt på Filippinane, og lokalt støttar ein sykkylvsrussen og speidararbeidet i Sykkylven på ymse vis. Når ein så legg til at klubben i løpet av året har vedteke nye lover og tilpassa vedtekter og fått desse omsette til nynorsk målføre, og dessutan har utført dugnadsarbeid m.a. i Kyrkje-parken, seier det seg sjølv at Rotary-året 2008-2009 har vore eit rimeleg aktivt og produktivt år som lever opp til Rotary sitt internasjonale motto:

***Service Above Self.***

## **Kyrkjeparken dugnad**

Ny vår og ny Rotary-innsats i kyrkjeparken. Tjue arbeids-lystne rotarianarar stilte til innsats den 29. april 2009.

Reidskapar og traktor var på plass, og i løpet av eit par timar sto området rundt kyrkja fram nyfrisert

og vesentleg meir velhalde enn før innsatsen.



Tre arbeidskarar med godt humør:  
Kjell Heggdal, dugnadsleiar Arvid Nordstrand og Jarle Svindseth.



Arbeidet gjekk unna med liv og lyst, men sjølvsagt er det viktig med ei skikkeleg matøkt.


President Olaf Ellingsen nyttar høvet til å informere,  
og på biletet under lettar han på visiret og seier til alle som var med:

**STOR TAKK FOR INNSATSEN!**





## Lov og vedtekter for Sykkylven Rotary Klubb



Etter lang tids arbeid vart *Lov og vedtekter for Sykkylven Rotary Klubb* samrøystes vedtekne i klubbmøtet den 11. mars 2009. I vedtaket vart det innbaka eit ønske om å omsetje vedtektene til nynorsk. Heile dokumentet kan du lese dersom du går til sida Styret og komitéar, og følgjer linken der.

Du kan også klikke deg inn via overskrifta her.  
Du må ha Acrobat Reader installert for å kunne opne dokumentet.

## Årsfesten 2009

Årsfesten vart halden i lokala til Verkstaden Bistro AS den 6. februar. I år har vi valt å legge ut eigen side med omtale og mange bilete, og denne sida kjem opp når du klikkar her, eller i overskrifta.

Eit av høgdepunkta var naturleg nok då kulturkjempa Jostein Drabløs vart utnemnd til PHF; Paul Harris Fellow.



## Julemøte med tradisjon

Klubben sitt årvisse julemøte vart halde den 17. desember i tradisjonelle former. Du finn referat frå møtet under månadsbrev for desember. Der finn du også link til Jostein Drabløs som les om *Juletid og dei underjordiske*, nedteikna av Gunnar Ellingsen, Ørsta. Elles i programmet fortalde Olav Pileberg om Bach's juleoratorium, og spelte litt frå del 1 for første juledag: *Jauchzet, frohlocket*

På bileta under: Olav til venste og Jostein til høgre.



Foto: Knut Jarle Vik

## Filippinane prosjekt - kor kjekt!

Ja, for det ER verkeleg kjekt å registrere korleis innsatsen til May Britt Tynes og hennar gode hjelparar gjev resultat i Bogo på øya Cebu, Filippinane. På møtet vårt den 10. desember 2008 stilte May Britt opp og informerte grundig og direkte til klubben. DVD-film, reportasje i bladet Vestby Nytt, bilete og generell orientering; det var ei lydhør og engasjert forsamling som vart oppdaterte på prosjekt Vann, Skole og Matutdeling, som Sykkylven Rotary Klubb har støtta sidan 2003.



May Britt Tynes viser reportasjen i Vestby Nytt til president Olaf Ellingsen. Har du Acrobat Reader kan du lese heile reportasjen når du følgjer linkane til Vestby Nytt\_1 og Vestby Nytt\_2. Meir stoff og fleire bilete finn du også ved å gå til framsida og klikke på knappen Prosjekt.

## Guvernørbesøk 2008

Det årvisse guvernørbesøket til rotaryklubbane på Stranda og i Sykkylven vart gjennomført under eit fellesmøte i Storfjord Kulturhus, Stranda, tysdag 25. november 2007.



Link til eiga side: [Guvernørbesøk 2008](#)

## Prosjekt i Straumgjerde

Dei får det til i Straumgjerde! Klubbmøtet den 13. august var lagt til bygda med verdas kortaste lakseelv, men denne gongen var det andre ting som sto i fokus. Eldsjelene Ole Høydal (til venstre på biletet) og Jarle Strømmegjerde har heilt sidan midten av 1990-talet stått i spissen for særst samfunnsgagnleg arbeid i bygda, på kvar sine hovudområde. Ole med turløyper og Jarle som er leiar i ungdomslaget Samhald, med påbygg og tilbygg til ungdomshuset Vårvon bygt i 1912. Begge to prosjekt i millionklassen. Med ekte sunnmørsk grunder-ånd starta dei med to tome hender, men har fått oppleve at både bygdefolket sin dugnads-innsats, innsamla pengar og offentlege støttemidlar kom etter kvart. Turløypene Folkestien kan du lese meir om når du klikkar på linken. Klubbmedlemmene gjekk ein liten halvtime framover langs den nyaste turvegen, ved Fetvatnet. Ole Høydal orienterte om prosessen i prosjektet før ein gjekk attende til ungdomshuset Vårvon der Jarle Strømmegjerde fortalde og viste rundt.



*Eldsjeler ligg bak all aktivitet. Ole og Jarle er to slike! Slik ordla ordførar Jan Kåre Aurdal seg mellom anna om dei to energiske straumgjerdingane før han overrekte blomar som ei synleg takk frå Sykkylven kommune.*



Biletet til venstre viser dei frammøtte ved Lillesanden. Ole lengst til høgre på biletet. Biletet i midten viser litt av det vakre utsynet mot nord frå ein av postane i Folkestien. Til høgre har Jarle teke oss med til

det flunkande nye sminkerommet; eit særst viktig rom m.a. ved revyane som jamleg vert produserte i bygda.

## President på plass

Godt Nytt Rotary år! Onsdag 2. juli 2008 skifter Rotary-året, og ny president tek over etter han eller ho som har sete i eit år. Denne gongen kunne Geir Brekke (m lys skjorte) overlevere kjede og klubbe til Olaf Ellingsen, som vil kle presidentvervet dei komande 365 dagane. Ellingsen kvitterte med å overrekke blomster til Brekke, som takk for ein strålende innsats i året som ligg bak.



Geir ønska å framheve Sparebanken Møre si positive haldning til klubben sitt arbeid. Når ein vender seg til "rett person" i banken, er det sjeldan eller aldri nei å få når det gjeld spørsmål om prosjekt-støtte i klubben eller innkjøp av utstyr til lokalet. I dette året har banken bl.a. kjøpt inn flunkande nytt el-piano, som skaper mykje trivsel på møta. Sameleis er ny data-projektor komen på plass, som saman med laptop og breibandruiter gjev lokalet og klubben sine møte ein betydeleg større bruksverdi. Forsamlinga kvitterte med rundhanda og sterk applaus! Påtroppande president Olaf Ellingsen gav uttrykk for at han tok utfordringa som president med glede, og såg fram til å løyse dei ulike oppgåvene som vert tekne opp gjennom året. Verdspräsidenten sitt valspråk *Make Dreams Real* såg han på som ei oppmoding til innsats for å gjere draumane verkelege. Han hadde vidare merka seg president Dong Kurn Lee frå Korea si oppmoding om å fokusere ekstra på barna. Neste klubbmøte blir 6. august.

Før møtet vart heva kom avtroppande president på at han ville gje blomsterbuketten sin vidare til avtroppande sekretær, Ingjerd Asbjørnsen, for vel utført arbeid. Ho fekk også sin vel fortente applaus, og kan ta ferie med godt samvit.

**God sommar!**

## Ny gåve til Prosjekt Vann, Skole og Matutdeling

Sykkylven Rotary Klubb har over tid engasjert seg i eit "grunder-prosjekt" som frå byrjinga i 2001 tok sikte på å bore brønningar og skaffe vasspumper til å pumpe opp reint vatn til ein del av lokalbefolkninga ved byen Bogo på øya Cebu, Filippinane. Etter kvart har arbeidet gjennom friviljug innsats blitt utvida, og omfattar no også arbeid innan skule og fengselsvesen, i tillegg til utdeling av mat og klede. Initiativtakar og grunder er May Britt Tynes frå Sykkylven, godt hjelpt av ektemannen Oddbjørn. For eit år sidan fekk prosjektet tilført kr 22000,- frå Inner Wheel Rotary-medlemmer i Ålesund, og frå Trondhjem-Vest Rotaryklubb i tillegg til klubben i Sykkylven. På klubbmøtet i Sykkylven sist onsdag vart nye 20.000 innsamla kroner overrekke frå Sykkylven Rotary Klubb til Prosjekt Vann, Skole og Matutdeling. Dette prosjektet passar som

hand i hanske til Rotary International sine målsetjingar, og har - som ein skjønar - fått sær god respons også på distriktsnivå. Du finn meir stoff om prosjektet når du klikkar i knappen Prosjekt på forsida.



På møtet i Sykkylven Rotary Klubb onsdag 18. juni 2008 overrekte president Geir Brekke eit Gåvebrev på kr. 20.000,- til prosjekt *Vann, Skole og Matutdeling*, representert ved initiativtakar og eldsjel May Britt Tynes, Sykkylven. Ho takka varmt for gåva og kvitterte med å gje presidenten ei flaske med ekte "prosjekt-vatn" frå Filippinane.

## Kyrkjeparken dugnad

Kveldens møte den 7. mai var lagt til Kyrkjeparken. Her fekk området seg ein skikkeleg omgang med ymse hage-reidskapar, slik at parken kan ta seg best mulig ut for dei mange som brukar han, og ikkje minst som stemnestad 17. mai. I dagens nummer av Rotary Norden står SRK omtalt som "Triveleg" og "Unge og spreke". Begge deler høver bra, og reflekterer absolutt innsats og stemning i det vakre vårveret. Biletet viser dei fleste frammøtte i kaffipausen. Innkomande president Olaf Ellingsen byr på kake, medan utgåande president Geir Brekke stiller med velfylt kaffikanne. Tusenårs-bautaen er også med på biletet.



## Søndags-tur med vid horisont

Både den vakre naturen og den særs kunnskapsrike omvisaren Roald Sporstøl frå Herøy Rotary Klubb gjorde i høg grad sitt til at ferdafylgjet frå Sykkylven fekk ein søndagstur den 13. april 2008 dei seint vil gløyme. Segn og soge blanda med samtids lokalkunnskap gjorde turen gjennom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande til ei stor oppleving. Turen attende til Sykkylven gjekk gjennom det nyopna Eiksundsambandet som m.a. førte oss 287 meter under Vartdalsfjorden si overflate.



Med Roppesanden på Flø i Ulstein kommune trygt under føtene er det all grunn til å sjå lyst på livet ein slik dag! Havsranda mot vest gjev fritt leide til Grønland, medan fugleøya Runde, Nerlandsøya og Remøya gjev livd for lunare lende lenger inne.



Bileta viser: 1. Kjell, Asbjørn og Randi på ferja til Hareid. 2. Oddhild, Ove og Ingjerd i suiten på det nye Quality Hotel i Ulsteinvik. 3. Supply-fartøyet Island Constructor, nybygd ved Rolls-Royce, Ulstein. 4. Herøy gard i Herøy kommune. 5. Byste av diktar og lokalhistorikar Bjarne Rabben. 6. Leirstaden Kjeldsund i Herøy kommune.



## Rotary Årsfest 2008

Musikk, god mat, godt program og eit femtitals blide gjester og klubbmedlemmer sette sitt preg på årsfesten i Sykkylven Rotary Klubb laurdag 16. februar i Verkstaden Bistro på Ikorntnes.



Bileta 1-6 viser glimt frå årsfesten med opptak av dei to nye medlemmene Toril og Jarle (nr 2 og nr 4 frå v). Assisterande guvernør John Stennes helsa frå Distriktsguvernør Unni Alfei og hadde gleden av å overrekke PHF-diplom og medalje til forretningsfører Karl Ramstad som synleg teikn på at han frå no av er ein ekte Paul Harris Fellow. Sindre Hjorthol mobiliserte sitt alter ego Oddgeir Bruaset til å fortelje eventyret om korleis Geir vart president i SRK. I nederste rada ser vi lengst til høgre dei flinke karane i orkesteret med det velklingande namnet *Styve and the Dynast Quartet*. Styve frå Ulstein held mikrofonen, medan Øystein Hamre frå Ikorntnes sit bak tangentane lengst til høgre. Alle er elevar ved musikklinja på Fagerlia Videregående Skole.

Du kan lese meir om årsfesten ved å klikke deg inn på **Månadsbrev** knappen i margen til venstre. Der finn du også knappen med **Paul Harris Fellow**, og den sida er sjølvsgatt oppdatert med vår nyaste og sjette PHF, Karl Ramstad.

## Diplom for beste heimeside



På distriktskonferansen i Kristiansund i september 2007 vart presidenten kalla fram og fekk ta mot flott diplom for  
**beste heimeside i Rotary-året 2006-2007. Vi takkar og bukkar!**

## Klubbmøte på Ekornes

### Ekornes framleis på veg opp og fram


Vil det ingen ende ta? Suksessen til Ekornes ASA dei siste ti åra har vekt oppsikt så å seie □worldwide□. Ikkje før har nybygget til 300 mill kr på Ikornnes blitt teke i bruk, så blir det følgt opp med nye investeringar i fram mot 100 mill klassen ved fabrikkene på Ikornnes og på Øvre Tynes i Sykkylven. Imponerende, men det kjem ikkje siglande av seg sjølv. Spisskompetanse på alle nivå kombinert med stor innsats må til. Administrerende direktør Nils-Fredrik Drabløs (64) orienterte Sykkylven Rotary Klubb om situasjonen i dag og vegen vidare for den suksessfylte bedrifta. Klubbmøtet onsdag 30. Januar var lagt til fabrikkene på Ikornnes, og her skorta det verken på informasjon eller □mat-erialistiske godbitar □ etter orienteringa. Til vidare lesing:

<http://www.ekornes.no/no/omekornes/nyheter/> og [http://www.tu.no/a/00011/tu08\\_11926a.pdf](http://www.tu.no/a/00011/tu08_11926a.pdf) s. 10-12



På denne modellen av Ekornes-fabrikkene på Ikornnes i *Tusen takk for god informasjon og god mat*, seier Sykkylven ser vi godt områda som er under eller står president Geir Brekke til administrerende direktør og for tur, til utbygging. Der båten ligg, er det nettopp **Paul Harris Fellow**, Nils-Fredrik Drabløs. bygd ny kai på 2000 kvadratmeter. Mellom fabrikkene og under brua lengst til venstre skal det m.a. byggast ny lakkavdeling og ny snekkarverkstad for modell-utvikling. Byggestart i løpet av våren 2008. Bak vindua på den ovale delen av fasaden mot båten, finn vi den største kantina mellom Bergen og Trondheim, der det kan dekkast til 1100 gjester. Herifrå og vidare mot høgre (vestover), finn vi nyaste delen av fabrikkene, der mange av dei 797 tilsette i Sykkylven dagleg produserer 1200 Stressless-einingar. I tillegg kjem 350 einingar som vert produserte ved avdeling Vestlandske. OBS! Bileta blir større når du klikkar på dei.

## Historikk



**Det er med glede vi kan melde at klubben si historie gjennom 50 år no er lagt ut på nettet.  
Framsida finn du som eige oppslag når du klikkar på det vesle biletet.  
Boka med 88 sider finn du ved å klikke på knappen til venstre, Historikk, og så vidare til  
[Jubileumsskrift. Sykkylven Rotary Klubb 50 år. 88 sider.](#)**

## **Juleavslutning**

**Ved juleavslutninga fekk vi servert koldtbord og Peder Myrstad fortalde om fangst ved Grønland. Vi hadde fin underhalning ved musikkskulen og Kjell Koppang frå Stranda Rotary deklamerte Jakop Sande. Her er nokre bilete frå den hyggelige kvelden:**



## Dugnad på Speidarbo.

Så var det tid for dugnad på Speidarbo igjen. Ein glad gjeng lakka ferdig panelet i storsalen og tok likegodt gangen med det same. Onsdag 14. november 2007.



## I MÅL: Ragnfrid Aamodt og Caroline Harstad gjekk Noreg på langs.

Dei to sterke og smilande jentene har saman med hunden Snorre realisert draumen som dei bar på. I løpet av seks månader gjekk dei Noreg på langs slik dei sa dei ville gjere, då dei fulle av entusiasme fortalde om planane sine i SRK-møtet den 14. februar. Du finn litt om Rotary-møtet [når du klikkar her](#), og mykje om heile turen viss du leitar fram heimesida deira frå turen: [www.labbanord.no](http://www.labbanord.no)

Den 10. oktober 2007 stilte dei to på nytt i SRK-møte og fortalde og viste bilete frå turen, som etter kvart vart 3300 km lang. Rett nok var dei ein liten sving innom Kungsleden i Sverige, men prestasjonen vert sanneleg ikkje mindre av den grunn: Jentene fortalde levande, muntert og engasjert om ein tur gjennom norsk høgfjells-vinter, gjennom ein gryande vår og sommar der pulkane sitt innhald måtte komprimerast og flyttast over til sekkar på 30 kilo til kvar av dei to arme ryggane som skulle bere utstyret. Undervegs møtte dei utruleg mange kjekke og rause menneske, og dei opplevde situasjonar som kalla både på oppfinnsamheita og på evna til å improvisere □ å ta utfordringar på sparket. Det blir alltid ei råd! Og det vart det. Alltid. Dei kom i mål til globen på Nordkapp den 18. august, ei veke under eit halvt år etter starten frå Lindesnes fyr. Gratulerer jenter, frå ein samrøystes flokk av Rotary medlemmer! Vi gleder oss til det kjem bok om turen!



Ragnfrid og Caroline med Bjarne Olav Velle som var ein av fleire dei dei gjekk saman med på deler av turen. Bjarne Olav gjekk ei veke gjennom nasjonalparken Børgefjell.

## Guvernørbesøk i Rotary

Det årvisse guvernørbesøket til rotaryklubbane på Stranda og i Sykkylven vart gjennomført under eit fellesmøte i Verkstaden Bistro, Ikornnes onsdag 3. oktober 2007.

[Link til eiga side : Guvernørbesøk 2007](#)

SRK på innstig hos AKER YARDS, Brattvåg.

[www.akeryards.com](http://www.akeryards.com)

Klubbmøtet 19. september 2007 vart bytt ut med tur til Aker Yards, Brattvåg. Kunnskapsrik og høgst kompetent Senior Vice President/ Marknads- og sals-direktør Magne Håberg tok mot og informerte til ei interessert og stadig meir imponert og til tider overvelda forsamling frå Sykkylven Rotary Klubb. 20.000 tilsette ved 18 verft i 8 land gjer gruppa til verdas fjerde største skipsbyggjar, rekna etter verdi og omsetnad. Vi finn verft i Brasil, Finland, Frankrike, Noreg, Romania, Tyskland, Ukraina og Vietnam. Menyen er delt inn i cruise & ferjer, handelsskip, offshore og spesialskip som t.d. isbrytarar. Den nydøypte ferja

**Color Magic er på 75000 brt og har plass til 2700 passasjerar, medan isbrytaren Norilskiy Nickel som vart levert i 2006 "et" is med 1,5 m tjukkeleik!**

**Frå kontoret i Brattvåg administrerer 6 personar 9000 tilsette! Etter ei særst interessant orientering med mange spørsmål undervegs, tok Håberg og Erik H. Sandnes gruppa med til omvising på to offshore fartøy som låg ved verftet til utrustning, for levering rundt årsskiftet 2007-2008. Det eine med køyplass for nærare 40 og det andre med tilsvarande plass til nesten 100. Begge fartøya er bygde og vert utrusta for å operere såkalla ROV - Remotely operated underwater vehicles; fjernstyrte mini-ubåtar. Vi saumfor skipa frå maskin til bru, og let oss villig imponere over dimensjonar og hightech. SRK ønskjer å sende ei varm takk til Aker Yards Brattvåg for vennleg mottaking og særst interessant informasjon og omvising.**





## Presidentskifte

På klubbmøtet den 27. juni var det presidentskifte, og utgåande president Marta Riber Roald kunne overlevere presidentnål og Rotary-kjede til innkomande president Geir Brekke.

Den nye presidenten Geir Brekke er slett ikkje nyvald: han har alt sete ved presidentbordet eit heilt år, etter som slike val ligg eit år i forkant av overtakinga av vervet. Du kan godt kalle det læretid, seier den etter kvart garva presidenten Marta Riber Roald, som attpåtil vil gå inn i historia som den første kvinnelege presidenten i Sykkylven Rotary Klubb. No kunne ho gratulere den nye presidenten med tillitsvervet, og ønskje til lukke med året som ligg føre. Brekke får med seg Olaf Ellingsen som visepresident og ny innkomande president. Dersom du les deg nedover denne sida vår med nyhende, vil du få oversyn over litt av aktiviteten i Rotary-året som har gått. Etter sommarmøtet 4. juli blir det pause fram til ny oppstart 8. august. God sommar!





## Filippinane-prosjektet

Presidenten snakka litt om prosjektet og bakgrunnen for at ho i sin presidentperiode valde å engasjere seg i det, og takka for at klubben støtta henne i dette valget. Gjennom vår støtte til dette prosjektet har vi i tråd med verdsresidenten sitt motto: □Vis veg□. Presidenten peika spesielt på det eineståande arbeidet May

Britt Tynes har lagt ned for å skaffe reint vatn til fleire tusen menneske på Fillippinane. Gåvesjekken frå klubben var på kr 22.000,-. May Britt var overvelda og glad for bidraget. Det er framleis stort behov for nye brønnar, og med eit slikt beløp kan ho få bora 1-3 brønnar alt etter grunnforholda. Klubben ynskjer henne lukke til med det vidare arbeidet.

[May Britt takka til slutt med å overrekke dette takkebrevet.](#)





## Tindemat

ØKOLOGISK MAT FRÅ GRØNE SLETTER UNDER TINDERAD

Onsdag 18.april fortalte ein engasjert Petter Velle om oppstarten og drifta av Tindemat. Tindemat er drive av 5-6 gardbrukarar som driv økologisk jordbruk frå Sykkylven. Det var svært interessant å høyre om oppstarten og kor vanskeleg det er å kome igang med matforedling grunna mange reglar og lover. Han kunne fortelje at dei hadde fått drahjelp frå bl.a. Fylket og Matforsk, samt god hjelp frå "matmiljøet" på Stranda, mellom anna Vidaregåande Skule, der dei no også held til med produksjonen.

I vareutvalet er mellom anna: Indre- og ytrefilet, entrecôte, mørbrad, biff, steiker, kverna storfekjøt og grillburgarar. Kjøtet blir godt mørna før Tindemat slepp det ut på marknaden. Produkta kan du få kjøpt på Coop Mega og Joker Velledalen



## Tynes Musikkverkstad

Onsdag 28.februar var vi ein tur til Tynesfabrikken og fekk omvisning på Tynes Musikkverkstad. Det var eit kjempeflott anlegg som gutane her har fått til. Vi fekk fortalt av Sverre Holmberg at alt var gjort på dugnad og dei hadde fått laga til flotte øvingslokale og lydstudio. Mykje imponerende utstyr var på plass og dei kunne gjere opptak og redigere musikk. Øvingslokalet var nesten fullt utnytta med band som øver kvar kveld. Eit flott tiltak som er viktig for mange ungdommar. Vi fekk tilslutt høyre eit rockeband Careless Curess□; som øvde og spela ein melodi for oss. Vi vart imponerte over kor flinke dei var og musikken fall i smak hos mange av medlemmane.



## Caroline Harstad og Ragnfrid Aamodt: Noreg på langs

□**Dei draumer ein har kan vere mange, og mange vert berre med draumen. Men vi bestemte oss for å gjere noko med ein av dei: gå Noreg på langs!**□



Slik les vi på heimesida <http://www.labbanord.no/> eigd av dei to ungdommane frå Sykkylven, Caroline Harstad og Ragnfrid Aamodt. Det er deira eigne ord, og på klubbmøtet den 14. februar 2007 fortalde dei engasjert, målmedvite og optimistisk om den lange turen som står føre, og som venteleg vil føre dei og hunden Snorre til fots meir enn 2500 km frå Lindesnes til Nordkapp i løpet av 5-6 månader. Starten frå Lindesnes blir måndag den 26. februar, og dersom alt går etter planen vil dei vere ved målet Nordkapp i juli eller august. Minst mulig på veg, og mest mulig til fots eller på ski. Flest mulig nasjonalparkar høyrer også med. Undervegs

**vil dei to oppdatere heimesida si regelmessig, og vi tippar at mange vil følgje den utfordrande turen med stor interesse. God tur, jenter, frå ein samrøystes flokk av Rotary medlemmer!**

**Olav Pileberg**

## **Rotary Årsfest 2007**

Fredag 2. februar var det duka for ny årsfest i Odd Fellows lokaler i Straumgjerde. Festen blei dyktig leia av Ola Viker Lunde som ga ordet til presidenten.



President Marta Riber Roald ynskte alle velkommen. Ho synes ho har hatt ei fin tid som president so langt og har fått oppleve mykje flott. Blant anna fekk ho presentere prosjektet vårt i Trondheim. Det resulterte i at Rotary Trondheim Vest vil vere med og har gitt oss 10 000,- kroner. Fleire andre klubbar har også vist interesse og gitt bidrag. Arbeidet med prosjektet går framover og det er no sendt brev til ein rotaryklubb på Fillipinane om dei kan bidra med eit beløp, slik at vi kan søkje om Matching Grant frå Rotary Foundation. Det vil doble beløpet vi klarer å samle inn.

Kveldens høgdepunkt må vel seiast å vere Liv Randi Bjørlykke som på sin fantastiske måte fortalde om slektsforskning og las frå boka ho held på å skrive om slekta si. Ho fortalde også at til somaren skal Storfjordens Vener ha samling på garden der ho kjem frå, så ho oppfordra alle til å ta turen.



Nils Kjemphol presenterte Dag Haugseth som nytt medlem og president Marta Riber Roald hadde gleden av å ynskje han velkomen i klubben.

Asbjørn Klokk leia lotteriet og kunne opplyse at nettoen (Grundig forklart med at det var resultatet når du tok bruttoen og trekte frå ugiftene) skulle gå til brønnprosjektet vårt på Filippinane. Olaf Ellingsen takka for maten på ein framifrå måte. Etter god mat og dessert var det godt å få lea seg med dans til god musikk.

## Renate Lade

**Sykkylvskvinna Renate Lade tok ikkje sitt publikum med storm eller store fakter på møtet den 10. januar. Ho nådde innom til hjartet på rotarianarane med lavmælt og ekte medmenneskeleg kompetanse, kommunisert på ein framifrå måte. Ho kopla også vakker, levande song med musikk ☐ på boks☐ frå si etter kvart svært så berømte CD Your Story, som har heile 24 veker på Norsktoppen. ☐ Du har tid igjen, og det er ein nytelse å høyre på deg☐ var attesten ho fekk frå Presidenten då klokka nærma seg 19. Vi anbefaler så absolutt eit besøk på Renate si heimeside [www.renatelade.com](http://www.renatelade.com)**



## Barnesete i buss

**Onsdag 15. november hadde vi besøk av Jarnes Møbler som viste fram et nytt produkt som dei med god grunn var stolte av. Dei hadde utvikla ein barnesete for buss som er integrert i eit vanleg bussete. Prosessen hadde vore lang frå starten på utviklinga til det ferdige produktet. Setet er no patentert i mange land og no når det kjem nye forskrifter med påbud om barneseter i nye bussar burde det vere ein stor marknad som ventar. Vi ynskjer bedrifta lukke til vidare !**



På bildet til venstre ser vi Stephen Watters, Kjell Jarnes, Frank Willy Utgård og Jarle Grøvlen frå Jarnes Møblar.

## **Dugnad på Speidarbo**

**Onsdag 27. september var det dugnad på Speidarbo. Denne gongen var det storsalen som fekk eit tiltrengd strøk med panellakk slik at rommet blei lysare.**





## Tur til det nye kraftverket i Riksheimdalen

13.september var vi på tur i Riksheimdalen til det nye kraftverket. Her fekk vi flott omvisning av dagleg leiar Runar Tandstad i Sykkylven Energi.



## Guvernørbesøk og Roundtrip-besøk frå utlandet 2006

Tysdag 15. august 2006 fekk rotaryklubbane i Stranda og Sykkylven besøk av ny-innsett guvernør for distrikt 2280, Per Ottesen med frue Anne Katrine. Her ser vi dei to til høgre, saman med president Martha Riber Roald frå Sykkylven, assisterande guvernør John Stennes frå Hareid, og president Øystein Lied Lunde, Stranda RK.

Møtet vart halde som eit intercitymøte i Storfjord kulturhus, Stranda. Dei frammøtte medlemmene i Rotary kunne også glede seg over besøk av 11 utanlandske studentar som i desse dagar besøker dei to klubbane. Det er lagt opp til eit omfattande program for dei 11, som er Rotary sine gjester i Spjelkavik, Sykkylven, Stranda og Ørskog.



Under: President Marta R. Roald gjev eit eksemplar av det nye 50-års jubileumsheftet for Sykkylven Rotary Klubb til guvernør Ottesen. Vidare: Dei 11 ungdommane på besøk under intercity-møtet på Stranda. Frå venstre presidenten som ber fram helsing til Amit frå Israel, Marloes/ Nederland, Kristina/Litauen, David/ Ungarn, Beatriz/ Spania, Irem/ Tyrkia, (neste bilete) Stephan/ Tyskland, Martin/ Slovakia, Celina/ Belgia, Julie/ Frankrike, Thomas/ Danmark. Programmet til ungdommane har forutan klubb-besøk, også omfatta bedriftsbesøk og andre ekskursjonar, i tillegg til både fjelltur og grillfest i strandkanten. Thomas Kjær frå Danmark bar fram stor takk frå dei 11, og gav uttrykk for at opphaldet på Sunnmøre hadde vore ei stor oppleving og eit minne for livet.



## Brev frå Australia



Hyggeleg og heilt overraskande fekk Sykkylven Rotary Klubb brev brå Australia her om dagen. Både **brev** og **svar** til klubben i Barossa kan du lese når du følgjer linken.

## Presidentskifte 2006

Onsdag 28. juni 2006 var det på ny tid for å skifte leiarskap i klubben. Utgåande president Olav Utgård har alt lagt presidentkjedet om halsen på ny president Marta Riber Rolad og ynskte henne lukke til i leiinga det neste rotaryåret. Martha takka styret for vel utført arbeid i året som var gått og overrekte blommar som ei synleg takk for innsatsen til utgåande president i Sykkylven Rotary Klubb.



## Tur til Florø og [Kinnaspelet](#)

**16.-18. juni hadde vi ein fantastisk tur til Florø der vi fekk oppleve sildebord i gatene og det flotte [Kinnaspelet](#).**

Sidan premieren i 1985 har vel 75.000 personar sett spelet som vert framført mellom bergveggen og steinkyrkja på den vesle øya Kinn lengst vest i Noreg. Kinn Sokneråd og Sogn og Fjordane Teater har 22 år på rad i fellesskap invitert til "Kinnaspelet - Songen ved det store djup".

Kinnaspelet er ei oppleving det ikkje finst maken til: Det naturlege lune og lydvarer amfiet innunder Kinnafjellet, skiftande hav, ein høg himmel som bakteppe og båtreisa ut gjennom øygarden gjer Kinnaspelet til noko ein ber med seg i lang tid..



## **Jubileumsfest: Sykkylven Rotary Klubb 50 år**

**Stor stemning og godt program prega Sykkylven Rotary Klubb sin 50-års jubileumsfest som vart halden laurdag 25. mars 2006 i Odd Fellow sine lokale i Straumgjerde. Der var gjester/ presidentar frå klubbane i Spjelkavik, Stranda, Ørskog, Ørsta og Ålesund, i tillegg til guvernøren for distrikt 2280 Ole Myrbekk og assisterande guvernør John Stennes.**



Frå eit av høgdepunkta på jubileumsfesten: Charter-medlemmene Elias Vinje (nr 2 frå v.) og Arnold Weiberg-Aurdal (nr 2 frå høgre) vert utnemnde til Paul Harris Fellows av guvernør Ole Myrbekk (til v.) I midten fru Weiberg-Aurdal, og til høgre president Olav Utgård i SRK.

Guvernør Myrbekk utnemnde også to nye medlemmer i klubben: Almar Kylling og Nils Arve Kjemphol. Peder Myrstad kunne som leiar av ei skrivegruppe presentere klubben sitt nye jubileumshefte på 90 sider, spekka med glimt frå klubben sitt liv gjennom 50 år, heilt frå **Charter-brev datoen 5. juli 1956.**



Glimt frå jubileumsfesten: Innkommande president Marta Riber Roald gjev sjekken på kr 25.000 til representantane for Sykkylven Speidergruppe, Susanne Olli og Stein Arne Fauske. Beløpet er klubben si jubileumsgåve, og pengane skal brukast til nytt tak på Speiderbo. Margrethe V. Ødegård og Halstein Kurseth framførte særskilde vakker song og musikk, og humoristisk toastmaster Karl Ramstad batt det heile saman på ein god måte. Alt i alt ein verdig jubileumsfest der høgtid, kultur og humor veksla med vellaga mat og god stemning rundt borda blant dei 100 frammøtte.

## **Bedriftsbesøk på Stål & Galvano AS**



Smilande Radka Vosicka kjem frå Tjekkia og er dessutan einaste kvinnelege medarbeidaren på røravdelinga ved Stål & Galvano. I midten Tormod Strømmegjerde; dugande omvisar og produksjonssjef i bedrifta. Til høgre adm. dir. Karl Inge Rekdal. Han tok mot og ønska velkommen dei fram mot 40 medlemmene frå Sykkylven RK, der han sjølv er medlem.



Onsdag 8. februar 2006 var Sykkylven RK på bedriftsbesøk til Stål & Galvano AS på Vikøyra, Sykkylven. Dette er morselskapet i konsernet med same namn, og som budsjetterte med ca 90 millionar kroner i omsetnad for 2005. Konsernet har dotterselskap også på Stranda og i Polen. På runden gjennom dei ulike avdelingane fekk vi inntrykk av ei veldriven, ordentleg og effektiv bedrift med høg målsetjing: å vere FØRSTEVÅLET for kundane når det skal veljast leverandør innan rør- og plate-bearbeiding, pulverlakkering og kromfornikling.

På biletet til venstre er det Øyvind, Oddbjørn og Peder som nettopp har beundra ein □ Robot Motomann handteringsrobot□. I midten ein medarbeidar som handsamar rørkonstruksjonar for møbelindustrien, og til høgre kunnskapsrik omvisar Tormod på pallen med lydhøyre rotarymedlemmer på golvet. Vi seier:  
Takk for interessant omvising!

## **Med Marta til Filippinane**

### Bilete og forteljing frå langturen i haust

Innkommende president Marta R. Roald var på langtur i månadsskiftet oktober - november 2005, då ho fekk høve til å besøkje byen Bogo (60.000 innb.) på øya Cebu, Filippinane, i lag med May Britt Tynes. Som tidlegare meldt har Sykkylven

RK støtta det omfattande arbeidet som May Britt driv i dette området, og i haust fekk Marta høve til å bli med May Britt ein tur for å sjå ved sjølvsyn korleis arbeidet vert drive. Sjå også Takk frå Filipinane. På klubbmøtet den 25. januar fortalde Marta engasjert, levande og interessant og viste lysbilete frå turen. "Eit fantastisk prosjekt!", er hennar karakteristikk av det humanitære arbeidet som May Britt Tynes står i spissen for.



Til venstre: Marta, nr 2 frå høgre bak, på besøk i Rotary Club of Metro Bogo, Distr. 3860.  
Til høgre: Fader Eli var med til eit område i fjella mellom Bogo og Borbone der dei leita etter vatn.



Til venstre: Her vert det bora etter vatn med enkelt utstyr. Kreativiteten er stor!  
Til høgre: Heilsteikt gris er vanleg festmat for dei "velstående".

## Hjortekjøtt-skjering på møteplanen

Møtet i kyrkjestova den 19. oktober vart noko utanom det vanlege. Jeger Alf Almeskar hadde stilt til rådvelde for Sykkylven Rotary Klubb ein halv hjort. Pølsemakar og kjøtskjerar med internasjonal erfaring (og dessutan nyvald medlem i soknerådet!) Mads Nilsen stilte opp med nyslipte knivar, og sørnga for at den halve spissbukken vart partert i høvelege stykke. Kjøtet var på førehand selt til klubben sine medlemmer, som no ved sjølvsyn fekk sjå korleis ein fagmann utfører yrket sitt.



Mads Nilsen klar til å starte parteringa av den første halve bakparten.  
Interesserte klubbmedlemmer følger nøye med.

## Takk frå Filippinane

Nyleg kom det brev frå Rotary Club of Metro Bogo, Cebu, Filippinane, til Presidenten i Sykkylven Rotary Klubb. Brevet inneheldt stor takk for pengegåva frå vår klubb, som saman med oppfølging frå Distrikt 2280 hadde gjort det mogeleg å utvide Vasspumpe-prosjektet drive av May-Britt Tynes, med heile 25 rør (pipes). Bilete frå prosjektet finn du nedst på denne sida, eller ved å [klikke her](#). Brevet ser slik ut. Når du klikkar på det, blir det større.



## Guvernørbesøk

Det var stor stas tysdag 16. august då Stranda Rotary Klubb og Sykkylven Rotary Klubb på intercitymøte i Straumgjerde fekk besøk av sin nye [guvernør for distrikt 2280, Ole Myrbekk](#) (nr 2 frå høgre). Han kjem frå Stjørdal rotaryklubb. I lag med den nye guvernøren kom også assisterande guvernør Søre Sunnmøre, John Stennes frå Hareide RK (nr 2 frå venstre). På biletet er dei flankerte av presidentane Terje Langlo (til venstre), Stranda, og Olav Utgård (til høgre), Sykkylven.



Intercitymøtet vart halde i ein god og lett atmosfære. Både guvernør og ass. guvernør hadde ordet og orienterte og viste bilete om Rotary sitt omfattande arbeid internasjonalt og lokalt. Under matpausen gjekk praten rundt borda, og folk både såg og hørdest ut til å trivast i lag. Det var bra at maten var svelgt unna då Kjell Koppang, Stranda, (under til venstre), fekk ordet. Han framførte Jakob Sande-dikt med eineståande humor, innleving og kunstnarisk nerve. Låtten sat laust! Ein hyggeleg kveld i god Rotary ånd.



## Color Line Stadion

Color Line Stadion i Ålesund og kampen mellom AaFK og Ham-Kam var målet for klubbmedlemmene med følge onsdag 3. august. Her ser vi dei fleste som var med på turen framfor hovudinggangen.



Styreleiar i AaFK, Arne Aambakk (m oransje skjerf), var dugande og engasjert omvisar heilt frå kunstgrasmatta og til 5. etasje i det prektige og imponerende stadionbygget. Biletet til høgre viser straffeballen på veg frå AaFK-spiss Lasse Olsen og i mål bak Ham-Kam keeper Gustafsson. Sluttresultat: 1 - 1



## Presidentskifte

Onsdag 29. juni 2005 var det på ny tid for å skifte leiarskap i klubben. Ny president Olav Utgård har alt fått presidentkjedet om halsen av utgåande president Per-Inge Haugen, som ønska han lukke til i leiinga av klubben inn i jubileumsåret 2006 då klubben vil fylle 50 år. Utgård takka Haugen for vel utført arbeid og overrekte blomar som ei synleg takk for innsatsen som president i Sykkylven Rotary Klubb. Til venstre sekretær i styret Bjørg Dyrkorn Velle, og til høgre innkommande president Marta Riber Roald.





## Speiderbo i fokus på dugnad

Onsdag 15. juni 2005 var det tid for nok ein dugnad: denne gongen til klubben sitt "hjardebarn" Speiderbo. Hytta som er klubblokale for til saman fram mot hundre speidarar og leiarar er inne i ein periode med oppgradering så vel ute som inne.

Difor er det mangt som kvalifiserte Rotary-medlemmer kan hjelpe til med. Arbeidet vart utført etter planen, og innsatsviljen var det lite å utsetje på. **Bileta:** Speiderbo med nytt, overbygd inngangsparti. Midten: Bjørg (t.v.), Odd og Ingjerd svingar målarakosten medan Arvid fuger mot muren. Biletet til høgre viser Steinar og Erlend, 8 år, som synte stor energi med å lempe vedkubbar. Og alt skjedde med eit smil!



## Fint i kyrkjeparken til konfirmasjon og 17. mai

*No livnar det i lundar, no lauvast det i li...*

Våren held ruta si, og det er tid for å rydde og "frisere" busker og tre - også i parken ved kyrkja. Onsdag 27. april var Rotary-medlemmer i samarbeid med medlemmer frå Sykkylven hageleg og andre interesserte på dugnad og i full sving med å få området så vakkert som mogeleg til føreståande konfirmasjonar og Nasjonaldag 17. mai. Rapportane går ut på at arbeidet gjekk unna med liv og lyst, og i pausen vanka det god mat og drikke for den iherdige dugnadsgjengen.

*Bileta, frå venstre:(Dei blir større når du klikkar på dei!)*

Organisator Hallgeir og Ove har tid til eit lite smil til fotografen! Erling syner stor kompetanse som sagfører, medan hageekspert Arnfinn gjev vaflene sin beste karakter. På biletet under (foto: Sykkylvsbladet) ser vi Olgunn, Bjørg og Marta som finpussar rundt Tusenårsbautaen.



## Bedriftsbesøk på Formfin Møbler AS

Onsdag 20. april var Sykkylven Rotary Klubb gjester hos Formfin i Hundeidvik. Innkommande president Olav Utgård er disponent ved fabrikken, og han viste klubbmedlemmene rundt saman med produksjonssjef Steinulf Grøvik. Møbelfabrikken har 70 tilsette og ei omsetjing på mellom 70 og 80 millionar kroner. Produksjonen består av sofamøblar som blir selde i den norske marknaden. Det blir lagt vekt på godt handverk og god utføring som grunnlag for den gode kvaliteten som Formfin Møbler AS er kjend for. Meir om Formfin finn du på <http://www.formfin.no/>

Bileta: Geir ser ut til å trivast ved maskina på sysalen, medan Bjørg og Rangnhild ser til at han har rett arbeidsstilling. Dei små bileta (som blir større når du klikkar på dei) syner glimt frå tilskjerar-avdelinga, der møbelstoffa vert skorne til med laser. Vidare frå fabrikkens sitt show-rom, der det ikkje manglar på komfortable sitjeplassar. Siste biletet syner vertskap og omvisar: Disponent Olav Utgård og produksjonssjef Steinulf Grøvik.



## 100-års jubileumsfest i Storfjord kulturhus



Rotary International fylte 100 år den 23. februar 2005. I det høvet vart det jubileums-feira til gagns i Storfjord kulturhus, Stranda, fredag den 8. april. Stranda Rotary Klubb og Sykkylven Rotary Klubb gjorde gjennom felles innsats kvelden til ei triveleg og verdig markering av jubileet. Mellom anna vart det utnemnt heile tre Paul Harris Fellows, og på biletet ser vi dei tre som nummer 3, 4 og 5 frå venstre: Kjøpmann Ottar Gjærde, Stranda, tidlegare adm. dir. - no seniorkonsulent Jens Petter Ekornes i Ekornes ASA, og noverande adm. dir. i same konsern, Nils-Fredrik Drabløs. Lengst til venstre ser vi president i Stranda Rotary Klubb, Helge Søvik. Deretter Guvernør for distrikt 2280, Magne Skudal, som også overrekte dei høgthengande utmerkingane. Heilt til høgre president Per-Inge Haugen i Sykkylven Rotary Klubb.

Vi har lagt ut nokre av bileta frå jubileumsfesten. Mellom anna finn du bilete av den høgtidelege handlinga då administrerande direktør Karl Inge Rekdal vart teken opp som nytt medlem i Sykkylven Rotary Klubb. Du finn bileta når du klikkar her [FOTOALBUM RI 100 år](#)



2005 er året då Rotary International fyller 100 år. Dette blir markert og feira i Rotary-klubbar verda over. Klubbane i Sykkylven og Stranda vil feire i lag den 8. april på Storfjord Kulturhus, Stranda. Vi har skrive eit lita *Oppsummering om Rotary* som du finn når du klikkar på linka. Meir stoff vil du lett finne ved å følgje Lenkjer i margen til venstre.

**Til ettertanke**



På sjølvaste 100-årsdagen til Rotary International, 23. februar 2005, heldt politibetjent Tony Gjerde frå Sykkylven lensmannskontor eit tankevekkande kåseri i Sykkylven Rotary Klubb. Tema: Narkotika / rusproblem i Sykkylven. Tala og informasjonen som kom fram understrekar kor viktig det førebyggjande arbeidet mellom barn og unge er. Klubbmedlemmene engasjerte seg sterkt i den påfølgjande runden med spørsmål, og fekk greie svar frå Tony Gjerde. På biletet får han stor takk for kåseriet sitt frå Karl Ramstad i programkomiteen (til venstre) og president Per-Inge Haugen (til høgre). I ein kort kommentar minner Haugen om at Rotary i ei årrekkje har engasjert seg i Alternativ Rus(s) som nettopp tek sikte på å førebyggje bruk av alkohol og andre rusmiddel.

### **Kvinneleg president i 2006**

På julemøtet den 22. desember kunne Presidenten opplyse at klubben hadde valt Marta Riber Roald til innkommande president for året 2006-2007. Etter 50 år med menn i presidentvervet, tykte Peder Myrstad at valet av Marta var verd eit lite dikt:



*I Sykkylven Rotaryklubb har nokke hendt,  
ei hending som ei tid har stått på vent!  
Etter femti mannsprege år,  
no sanneleg klubben får,  
ei real sykkylvstaus til President!*

I ein kommentar til valet seier Marta at ho takkar for tilliten og tek utfordringa. Sykkylven Rotary Klubb har mange flotte medlemmer som ho vil gjere seg nytte av i arbeidet for klubben.

### **Guvernørbesøk i Sykkylven Rotary Klubb.**

Guvernør for distrikt 2280, Magne Skudal og viseguvernør Oddbjørn Øien, besøkte Rotary-klubbane i Stranda og Sykkylven under eit intercitymøte 27. oktober. På biletet ser vi frå venstre president Helge Søvik i Stranda Rotaryklubb, president Per-Inge Haugen i Sykkylven Rotary Klubb, guvernør Magne Skudal, styremedlem Bjørg Dyrkorn Velle, Sykkylven, viseguvernør Oddbjørn Øien, og visepresident Olav Utgård, Sykkylven. Møtet vart halde i Odd Fellow sine lokale i Straumgjerde.



Programmet under intercitymøtet omfatta næring både for ånd og lekam. Guvernøren kåserte lett og engasjerande om Rotary International sin kurs i 100-års jubileumsåret 2005. Prosjekt som tener andre og som gjer Rotary synleg utover er målet. Hovudfokus vil vere på Twin-Club & Community Project, Lese- og skrive-dugleik, Rotary-familien og Helse og vatn.



Frå Sykkylven kulturskule fekk vi vakker song og musikk av Yvonne Helen Jensen, gitar/ song, Oline Strømmegjerde, piano, og Jørn Strømmegjerde, piano. Dei andre bileta syner at stemninga rundt borda var rimeleg god under møtet.



### **Presidentskifte i Sykkylven Rotary Klubb.**

Innkommande president Per-Inge Haugen (til venstre) fekk kjede og klubbe frå utgåande president Steinar Nordmo på klubbmøtet den 4. august 2004. Haugen skal leie klubben inn i 100-års jubileumsåret til Rotary International, og har sett opp eit klubbprogram som høver til dette. Sentrale mål i programmet er å gagne andre ved å arbeide for forståing, fred og vennskap.



### **Dugnad på Speidar-Bo.**



Medlemmene i Sykkylven Rotary Klubb utfører årvisse dugnader ved ulike mål i bygda. Den 18. august 2004 (til venstre) var det vindauga i speidarhytta Speider-Bo som fekk seg ein omgang med måling. Den 18. juni 2003 (til høgre) var det uteområda ved den same hytta som sto i fokus. På biletet ser vi Bjørg Dyrkorn Velle, Kjell Heggdal og Per Arne Aursnes. Klubben var ein aktiv medspelar då hytta vart realisert i 1974.



### **Dugnad ved Sykkylven sjukeheim.**

Sykkylven sjukeheim fekk nytte godt av klubbmedlemmene sin innsats den 21. april 2004. På innsatslista sto felling av tre og busker for å betre utsynet frå den nyrenoverte sjukeheimen. På biletet til høgre ser vi Jonny Vestvik i sving med motorsaga.



**Alternativ Rus(s)**

Kvart år på vårparten når sykkylvsrussen vaknar til dåd, vaknar også eit prosjektsamarbeid mellom Rotary, russen, lensmannsetaten, helsestasjonen og kyrkja. Målsettinga til Alternativ Rus(s) er å arbeide for eit rusfritt miljø blant ungdommen. Bileta syner litt av livet i uteområdet ved Sykkylven storhall, der det er stor røre og mykje moro rundt midten av mai når aktivitetane er som sterkast. Prosjekt Alternativ Rus(s) er valt til jubileumsprosjekt for Sykkylven Rotary Klubb i jubileumsåret for Rotary International 2005. Du kan lese meir om dette viss du klikkar på denne linken [Alternativ Rus\(s\)](#).



#### Vasspumpe-prosjekt på Filippinane. (Tilbake til toppen)

Mot slutten av året 2003 vedtok Sykkylven Rotary Klubb å engasjere seg internasjonalt, ved å løyve pengar til eit Vasspumpe-prosjekt ved byen Bogo på Cebu, Filippinane. Prosjektet er utvikla av May-Britt Tynes, Sykkylven, og ho er drivkrafta bak utbygginga, som til dags dato (september 2004) har resultert i tre pumper som kvar leverer friskt vatn til ca 200 menneske. Samarbeidet med May-Britt Tynes er formalisert gjennom lokal Rotary-klubb på Cebu, og midlar frå The Rotary Foundation vil truleg doble innsatsen frå Sykkylven Rotary Klubb. Biletet til venstre viser glade barn ved den første pumpa, som vart sett i drift 2003. Til høgre flokkar nabolaget seg om pumpe nr 2, i mai 2004.



<a href="#">Forside</a>	<a href="#">Nyhende</a>	<a href="#">Styret og komitear</a>	<a href="#">Møteplan</a>	<a href="#">Månadsbrev</a>
<a href="#">Medlemmar</a>	<a href="#">Historikk</a>	<a href="#">Paul Harris Fellow</a>	<a href="#">Lenkjer</a>	